


Informasjon om gravminne og planting



Rammer

Etter dei lokale vedtektene i Rindal/Surnadal er det høve til å ha ein steinkant av tre enkeltsteinar omkring plantefeltet. Steinane skal monterast i flukt med terrenget. Bedplate (steinplate med plantehol) er ikkje tillate. Grunnen er at hjørna kan stikke opp og lage problem for vedlikehald og arbeid på kyrkjegarden. Dei kan også lett bli øydelagde om vinteren. Kulestein rundt blomsterbed er heller ikkje tillate.

Lykter

Vi tilrår gravlykter, ikkje fakkelboksar. Gravlykter skal fjernast etter bruk. Lause lykter til å sette i blomsterbedet er også greitt. Ein må passe på at desse ikkje snør ned. Fakkelboksar kan gi stygge merke på steinen, og i kombinasjon med granbar, mose og vind kan dei bli svært brannfarlege. Når det gjeld faste lykter på gravminnet, må dei tåle den påkjenninga dei blir utsette for av klima og vanleg drift og vedlikehald på kyrkjegarden.

Kyrkja har ikkje erstatningsansvar for dekorgjenstandar i plantefelt eller skade på eventuell innramming av plantefelt.

Her er dei reglane i kyrkjegardsvedtektene som gjeld gravminne og planting:

§4 Grav og gravminne

Dei tilsette ved kyrkjegardane vil syta for at grava vert planert og tilsådd etter gravleggjing. Montering av gravminne kan tidlegast gjerast 3 månader etter gravleggjing av kiste. I mellomtida ordnar kyrkjegarden med ein kross, der namnet på den avdøde vert sett på. Nytt gravminne skal monterast på dagtid, på plass vist av ein av dei som arbeider på kyrkjegarden. Gravminne skal godkjennast på førehand av kyrkjeverja, jf §25 i forskrift til gravferdslova.

§5 Plantefelt

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeida eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Dette må ikkje vera breiare enn breidda på gravminnet. Det kan ikkje stikka lengre fram enn 60 cm, målt frå bakkanten på gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går utover plantefeltet.

Det er ikkje høve til å bruka faste dekorgjenstandar i plantefeltet.

Lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er høve til å rama inn plantefeltet med ein delt natursteinskant som fluktar med terrenget omkring. Kyrkjegardsstyresmaktene har ikkje erstatningsansvar for dekorgjenstandar i plantefelt eller skade på evt. innramming av plantefelt.

§6 Plantemateriale

Plantar, kransar og liknande materiale som vert nytta ved gravferd eller ved pynting av grav, og som endar som avfall, skal alt saman lata seg kompostera.

§7 Stell av grav

Einkvar gravfestar eller ansvarshavande for frigrav har rett og plikt til å stella den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert planta til og stelt av den ansvarlege eller festaren, vert sådd til av dei som arbeider ved kyrkjegarden. Fellesrådet kan syta for årleg planting og stell av grav mot forskotsvis betaling.